

- Rømningsvegar vart godkjende i fjar

22.09.2007



Edvin Kjærland og Audun Eik – brannvernleiar og husstyreleiar – på dugnadsjobb i kjellarsalen i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fleire rømningsvegar i Helgheim vart godkjende i fjar, opplyser brannvernleiar for Helgheim Edvin Kjærland i samband med dei kritiske merknadene som branningeniør Stein Kyrre Kvinge kom med etter branntilsynet 10. september.

Kvinge bemerka at fleire rømningsvegar ikkje er tilrettelagde for rask og sikker rømming, men Kjærland minnar om at dei to rømningsvegane som går frå kjellarsalen og som er merka med skilt vart godkjende av branningeniør Norstrand under branntilsynet i 2006. Festsalen i første etasje har tre rømningsvegar og to av desse, som er merka med pilar, er også godkjende av Norstrand.

Kvinge bemerka at bygget ikkje er oppført etter gjeldande regler og lover.

Kjærland peikar her på at Helgheim er ein eldre trebygning som sjølv sagt ikkje stettar dagens krav til branngryggleik når det gjeld byggematerialer. Men ungdomslaget har heile tida prøvt å retta seg etter gjeldande lover og reglar.

Kjærland minner om at i det siste året er heile det elektriske anlegget fornya mellom anna med nytt inntak, nye sikringsboksar og diverse eldre koplingsboksar og brytarar.

Om rømningsvegane opplyser brannvernleiaren ellers at når det gjeld ei dør utan handtak som Kvinge peika på, hang handtaket ved sida av døra. Dette for å hindra at ivedkommande slepp folk inn utan billett under arrangement. I begge salane er det hengt opp teikningar som syner rømningsvegar og samstundes kor dei fem brannslokkingssapparata er plasserte.

Når det gjeld den årlege kontrollen av desse apparata, må dei i dag sendast ut av kommunen for å få kontrollen gjort. Kjærland meiner at det må vera ei oppgåve for kommunen å ha ein person med turvande kvalifikasjoner og utstyr til å utføra denne kontrollen slik at ein slepp store fraktutlegg.

Om Kvinge sin merknad når det gjeld manglande dokumentasjon ved tilsyn opplyser Kjærland at permen i Helgheim for oppbevaring av dokument og papirer om brannvern ved eit mistak var fjerna frå oppbevaringsplassen.

Av Ola Matti Mathisen